


Vedtekter for Aurland Ungdomsråd



Vedtekne i Utval for omsorg, oppvekst og kultur 26.11.2012

Vedtekter for Aurland Ungdomsråd

§ 1 Føremål

Aurland ungdomsråd skal fremja ungdommane sine interesser og tala deira sak i Aurland kommune.

§ 2 Arbeidsområde

Aurland ungdomsråd skal gje politikarane i kommunen råd i handsaming av saker som vedkjem ungdom. Ungdområdet kan òg ta opp saker som rådet sjølv meiner er viktige for ungdom i kommunen.

Innanfor ei økonomisk råde gitt av kommunestyret, skal ungdomsrådet løyve midlar til tiltak for born og ungdom. Gjennom heile året kan det søkjast på desse midlane til ulike tiltak retta mot born og unge. Det er berre frivillige lag og organisasjonar som kan søkje. Søknadsfristar og kriterium blir annonserte i avis og på nett i løpet av hausten kvart år.

Kriterium for bruk av midlane blir laga av Ungdområdet.

Ungdområdet kan og nyttast som prosjektmedarbeidarar for ulike arrangement, som til dømes UKM (Ungdomens kulturmonstring).

§ 3 Samansetjing

Aurland ungdomsråd vert sett saman slik:

2 repr. frå elevrådet ved Aurland barne – og ungdomsskule med personleg vara

1 repr. frå Aurland fritidsklubb med personleg vara

1repr. frå Aurland skyttarlag med personleg vara

1 repr. frå Aurland idrettslag med personleg vara

Representantar frå fritidsklubb, lag og organisasjonar skal vera i alderen 13 – 19 år.

Til saman 5 representantar + varamedlemmar

Aurland barne –og ungdomsskule, Aurland fritidsklubb og dei frivillige laga syter for val av sine representantar, gjennom val, innan 1. september.

Representantane frå elevrådet skal vera frå 8. – 10. klasse.

Medlemmane i rådet vert valde for 2 år. Leiar vert vald for 1 år.

Valperioden til ungdomsrådet fylgjer skuleåret, med skifte 15. september.

Ein politisk representant med vara vert vald av kommunestyret for heile perioden. Representanten har talerett og forslagsrett, men ikkje stemmerett.

Ordførar møter med tale- og forslagsrett, men har ikkje stemmerett.

Rådet konstituerer seg sjølv. Rådet skal ha leiar og nestleiar.

Aurland kommune skal peika ut ein kommunalt tilsett som skal fungera som sekretær for ungdområdet. Denne personen har møteplikt med tale- og forslagrett, men ikkje stemmerett.

§ 4 Arbeidsmåte

Aurland ungdomsråd skal ha minst 4 møte i året. Møta skal leggjast i forkant av ordinære kommunestyremøte.

Aurland ungdomsråd skal få oversendt saker som er spesielt retta mot ungdom. Desse saken kan rådet gje uttale i.

I tillegg skal rådet få oversendt saklister frå kommunestyret, formannskapet og hovudutvala. Her vel rådet sjølv om det vil gje uttale.

Leiar i Ungdomsrådet med hjelp frå sekretær, lagar saksliste og sender innkalling til møta. Innkalling skal sendast ut minst ei veke før møte.

Aurland barne- og ungdomsskule bør leggje til rette for drøfting av saker som elevane ynskjer at ungdomsrådet skal vurdere.

§ 5 Vedtak

Vedtak vert fatta ved alminneleg fleirtal.

§ 6 Årsmelding

Kvart år innan utgangen av juni, utarbeidar ungdområdet ei årsmelding om arbeidet sitt.

§ 7 Endring av vedtekter

Framlegg til endring av vedtektene skal leggjast fram for Utval for omsorg, oppvekst og kultur (OOK). Utvalet tilrår og kommunestyret godkjenner.